

Sak 217/73. Byggemelding frå Mangfrid Hansen, Welhavensgate 60, 5000 Bergen for oppføring av hytte på gnr. 21, bnr. 38 av Sylta indre i Radøy.

VEDTAK: Bygningsrådet godkjenner dei førelagde planane for oppføring av hytte på vilkår av at bygget vert fagmessig oppført og i samsvar med gjeldande bygningslov.

Sak 218/73. Söknað frå Alf Pettersen, Lægdesvingen 37, 5030 Landås om löyve til oppføring av hytte på gnr. 21, bnr. 47 av Sylta indre i Radøy.

VEDTAK: Saka vert å senda Generalplanutvalet til uttale i samsvar med vedtekt til § 82 i bygningslova.

Sak 219/73. Anke frå Harald Nöttveit, 5120 Manger til Statens Vann- og Avløpskontor over bygningsrådet sitt vedtak i sak 145/73.

VEDTAK: Bygningsrådet vil gjera merksam på at det er opparbeidd byggefelt nær omsökte tomt og at dette har hatt ein viss verknad på avgjerdsla.

Sak 220/73. Söknað frå Hanna Bastiansen, Nordnesveien 121, 5000 Bergen om unntak frå Strandplanlova for frädelling av 10 parsellar frå gnr. 93, bnr. 12 av Straume (Fesøy) i Radøy.

VEDTAK: Bygningsrådet finn ikkje å kunne gjeva dispensasjon frå vedtekt til § 82 i bygningslova. Bygningsrådet ser det særskilt viktig at det vert utarbeidd ein så fullstendig plan som mogeleg.

Saka kan ankast til Fylkesmannen innan 3 veker etter mottoken melding, jfr. §§ 17 og 15 i bygningslova.

Anke vert å senda til Fylkesmannen gjennom Bygningsråd/formannskap.

Sak 221/73. Söknað frå Killaug Aslaksen, Skoglien 28, 5000 Bergen om löyve til flytting (nyplassing) av naustgrunn på gnr. 14, bnr. 75 av Valdersnes i Radøy.

VEDTAK: På vilkår av at naustet vert trekt godt inn i fjellet, godkjenner bygningsrådet omsökte flytting. Plasseringa må företakast av Teknisk kontor.

Sak 222/73. Söknað frå Unni Soltvedt, 5127 Sletta om löyve til å overtaka byggelöyve for hytte frå Olav Soltvedt. Olav Soltvedt har tidlegare fått byggelöyve for oppføring av hytte på gnr. 99, bnr. 76 av Ystebö i Radøy. (sak 169/70)

VEDTAK: Saka vert utsett inntil bygningsrådet har fått teke synfaring på staden.

Sak 223/73. Söknað frå Rolf Valdersnes, Lyngböveien 90, 5031 Laksevåg om löyve til å få overtaka (festa) tomt nr. 70 i det regulerte bustadområde Manger sentrum, gnr. 45, bnr. 1 av Manger i Radøy.

VEDTAK: På vilkår av at sökjaran godtar og rettar seg etter dei reguleringsföresegnar som gjeld for området og godtek dei refusjonar som vil verta pålagd tomtane, godkjenner bygningsrådet at sökjaran får feste på tomt nr. 70 i det regulerte bustadområde Manger sentrum.

Sak 224/73. Söknad frå Hans A. Sunde, Conrad Mohrsvei 34 d, 5032 Minde om löyve til oppføring av hytte på gnr. 84, bnr. 12 av Haukeland i Radøy. Saka har vore til Generalplanutvalet til uttale og Generalplanutvalet har i sak 28/73 rådd til at söknaden vert stetta.

VEDTAK: Bygningsrådet gjev dispensasjon frå vedtekt til § 82 i bygningslova for oppføring av hytte på omsökte tomt, då ein finn at denne ikkje er til vesentleg hinder for seinare planlegging. Kloakkutslepp må berre førekoma etter godkjent söknad og med löyve frå bygningsråd/helseråd/eventuelt Statens Vann- og Avløpskontor.

Sak 225/73. Söknad frå Norvald Gundersen, Ortustranden 18, 5000 Bergen om godkjenning av tomt for hus (hytte) på gnr. 33, bnr. 9 av Hella i Radøy.

VEDTAK: Bygningsrådet kan ikkje gjeva löyve til oppføring av bustadhus på omsökte tomt og bed sökjaren vurdere anna tomt for huset på garden.

Sak 226/73. Skriv frå Manger sokneråd og skriv frå Radøy formannskap vedkomande utviding av gravplassen ved Manger kyrkje.

VEDTAK: Utsett til nærare opplysningar ligg före.

Sak 227/73. Söknad frå Mary og Harald Zakariassen, 5125 Bøvågen om löyve til avköyrsle til bustadtomt på gnr. 30, bnr. 1 og 2 av Vågenes i Radøy.

VEDTAK: Saka vert å senda over til Generalplanutvalet og ein bed om at utvalet vurderer denne saka.

Sak 228/73. Söknad frå Klara Nöttveit, 5120 Manger om löyve til oppføring av garasje på gnr. 45, bnr. 38 av Manger nedre i Radøy.

VEDTAK: Bygningsrådet godkjenner oppføring av garasjen i samsvar med söknad.

Plassering må føretakast av teknisk kontor.

Mötet slutt.

*Luis Njøs*